SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Atle Skrede
E-post: atle.skrede@sfj.no
Tlf.: 41530716

Vår ref.
Sak nr.: 18/6469-4
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
40993/18

Dykkar ref.

Dato
FØRDE, 04.09.2018

Notat

Til: Hovudutval for næring og kultur

Frå: Fylkesdirektøren

Jølster Skisenter - søknad om støtte til utvikling av Jølster skisenter

Jølster skisenter AS ligg på Vassenden i Jølster kommune og tilbyr alpinanlegg med fire skiheisar med ulik lengde og vanskegrad og har bakketrasear som høver for både alpint og eigenorganisert fysisk aktivitet. Der er i tillegg to varmestover i anlegget med ski-utleige, aktivitetspark, langrennsstadion og turløyper på vel 25 kilometer samt mindre hoppanlegg. I 2007 vart anlegget utvikla med ny veg og nye heisar for å tilby større variasjon og betre tilrettelegging for fleire brukarar. Det har siste åra vert investert betydelege summar for å sikre snø i anlegget med nytt snøproduksjonsanlegg, der det også er søkt og tildelt spelemidlar. I ein god sesong omset anlegget for om lag 4,5 millionar kroner og stor del av drifta vert utført på dugnad. Anlegget har arrangert junior NM ved fleire høve og er arrangørstad for fleire av krinsrenna til Sogn og Fjordane skikrins.

I søknaden vert det peika på vidare utvikling av anlegget for å tilby eit betre og meir komplett anlegg for både idrettsleg aktivitet, eigenorganisert fysisk aktivitet og sikre tilgang på snø etter fleire snø-fattige vintrar. Søkjaren legg i tillegg vekt på store ringverknader for reiseliv for andre deler av Sunnfjord utover Jølster. Det vert planlagt ny heis, nytt snøproduksjonsanlegg, nytt lysanlegg, nye trasear og ny varmestovemed samla investeringar kostnadsrekna til vel 36 millionar inklusiv meirverdiavgift.

Søkjar, anleggstype	**Søknad om fylkes-kommunal støtte**	**Kostnad**	**Regional plan**	**Spelemidlar**	**Tilleggs-funksjonar**
Jølster skisenter AS, alpinanlegg	6 000 000	36 228 000	Er ikkje spelt inn til regional plan for dei nye anleggselementa.	6 200 000	Skiheis, lysanlegg, nedfart, snøproduksjon og klubbhus

Fylkesdirektøren ser positivt på at det vert lagt til rette for variert aktivitet i fylket. Fylkeskommunen har ikkje sett av eigne midlar til denne typen tiltak, og den økonomiske ramma til hovudutvalet gir heller ikkje rom for tilskot i den storleik det her er snakk om. Våre verkemiddel er fagleg rettleiing og spelemidlar. På den bakgrunn vil fylkesdirektøren tilrå at søknaden vert avslått.